
Saksnr: 2020/79595-6
Saksbehandlar: Eva Moberg
Dato: 19.01.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Nasjonale kulturbygg - svar på søknader om investeringstilskot

Kraftmuseet, Bymuseet, Hardanger og Voss museum, Gulatinget og Musea i Sogn og Fjordane søkte Kulturdepartementet om investeringsmidlar for 2021 over tilskotsordninga Nasjonale kulturbygg:

- Kraftmuseet, prosjektet «Lindehuset», ombygging og tilrettelegging av fabrikkbygget Lindehuset til regionalt kulturhus med museumsfunksjonar
- Bymuseet, tilleggsløyving til nytt publikumsbygg i Gamle Bergen
- Hardanger og Voss Museum, prosjektet «Tett på», ombygging av eit næringsbygg ved Hardanger Fartøyvernseier til kulturbygg
- Gulatinget, prosjektet «Gulatinget nasjonale kultursenter», kultursenter på Tusenårsstaden i Gulen kommune
- Musea i Sogn og Fjordane, prosjektet «Holvikejekta», nybygg av verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta

Framlegget frå regjeringa til statsbudsjett for 2021 vart lagt fram 7. oktober 2020, jf. Prop. 1 S (2020-2021) for Kulturdepartementet. Stortinget handsama proposisjonen 17. desember 2020 på grunnlag av Innst. 14 S (2020-2021).

Ingen av søknadane som omtalt over, fekk løyvd midlar over tilskotsordninga.

I Norsk kulturråd sine museumsfaglege vurderingar av søknadane kjem det fram følgjande:

- Kraftmuseet, prosjekt «Lindehuset». Kulturrådet stiller spørsmål ved om prosjektet er godt nok økonomisk forankra, då finansieringsplanen legg opp til 14 mill. i private midlar.
- Hardanger og Voss Museum, prosjektet «Tett på». Kulturrådet saknar ein teknisk plan for ombygging av anlegget, inkludert oppdatert skisse for besøksstraumen.
- Gulatinget, prosjektet «Gulatinget Nasjonale Kultursenter». Kulturrådet etterlyser oppdaterte økonomi- og drifts- samt framdriftsplanar. Vidare vert det vist til at eit formelt samarbeid med Musea i Sogn og Fjordane ville ha styrka prosjektet.
- Musea i Song og Fjordane, prosjektet «Holvikejekta». Kulturrådet vurderer søknaden som styrka samlikna med tidlegare innsendte søknader frå 2018 og 2020.